

Regelverk for utlån av kommunal minibuss i Valle kommune

Volkswagen Caravelle 2.0 CR 15 skiltnr. PR 63725. 9-seter inkl. sjåfør

Valle kommune har gått til innkjøp av minibuss (8+1 seter), som skal kome innbyggjarane i kommunen til gode, og bidra til å fremje trivsel, sosial tilhørgheit og motvirke inaktivitet.

Bussen kan nyttast av lag og organisasjonar og til aktivitetar og samkøyring knytt til desse. Bussen kan og nyttast til samkøyring til skisenteret. I samband med samkøyring skal låntakar så langt som råd, sikre at flest mogleg får tilbod om skyss.

Max tid for lån av bussen:

- I utgangspunktet skal bussen lånast ut for dags-/ettermiddagsturar i samband med aktivitetar, men i spesielle høve kan bussen lånast ut for lengre periodar (for eksempel i samband med helgeturar, turneringar o.l.)

Kostnader ved bruk/utlån:

- Kommunale verksemdar, samt frivillige lag og organisasjonar i Valle kommune betaler ikkje leige eller andre utgifter ved lån av bussen
- Fergeutgifter dekkast av låntakar.

Generell informasjon:

- Kommunen/Velkomstsenter prioriterer bruk der fleire ynskjer utlån av bil til samme tid.
- Bussen er stasjonert i garasje plass ved COOP Prix Valle. Bussen har garasje plass nærast butikken/mot vest.
- Låntakar må sjølv stille sjåfør med godkjent førarkort klasse B.
- Nøkkel er innelåst i nøkkelskap montert på vegg ved sida av boddør i garasje plass
- Appen «Solverapp» må lastast ned, via appen vil du få tilgang til bilnøkkel.



- Nøkkel låsast inn i nøkkelskap ved levering av buss
- Fylgjande drivstoffkort ligg i hanskerom i raud korthaldar med pålimt kode: ESSO, YX, Circle K.
- Det skal alltid ligge ein full dunk med spylarvæske bak i bilen.
- Ved fylling av drivstoff/spylarvæske med meir, skal alltid km.stand tastast inn, i tillegg til kode for kort. Spylarvæske/Ad-blue kan også kjøpast med drivstoffkort.
- Bombrikke er pålimt frontrute
- Det ligg isskraper samt kombinert snøkost/isskraper i sidelomme på førardør
- Det er ikkje betalt piggdekkavgift i soner der dette er påkravd.
- Ved levering av buss skal der aldri vere mindre enn halv tank med drivstoff
- Vognkort og skademeldingsskjema ligg i oppbevaringsmappe i hanskerom. Lenke for elektronisk skademeldingsskjema finn du her: <https://claims-at-net.protectorforsikring.no/nor/nb>